



# STATISTIKK FOR BIBLIOTEK OG MUSEUM 2003

# INNHOLD

<b>Forord</b>	3
<b>Bibliotekstatistikk</b>	4
<b>Museumsstatistikk</b>	56

**ABM-UTVIKLING**

POSTBOKS 8145 DEP  
N-0033 OSLO


TELEFON: 23 11 75 00  
TELEFAKS: 23 11 75 01

[post@abm-utvikling.no](mailto:post@abm-utvikling.no)  
[www.abm-utvikling.no](http://www.abm-utvikling.no)

Biletet på framsida er frå Tøyen  
naturhistoriske museum i Oslo.  
Foto: Bjørn Djupvik

ISSN: 1503-5972  
ISBN 82-8105-013-6

Trykk: Zoom Grafisk As  
Utgjeven i 2004



# FORORD

Ei av dei faste oppgåvene til ABM-utvikling er å samle inn, bearbeide og publisere statistikk. Statistikken for 2003 omfattar statistikk frå folke- og skolebibliotek, fag- og forskingsbibliotek og museum. Det er sett i gang arbeid med å kartlegge lokalt og regionalt arkivmateriale, og dette vil danne grunnlaget for ein framtidig arkivstatistikk.

For ABM-utvikling er det viktig å sjå utviklinga i arkiv, bibliotek og museum i eit lengre perspektiv. Vi brukar difor ressurser på å analysere og bruke statistiske data som er samla inn i 2003 og samanlikna desse med tal frå tidlegare år. Publikasjonen har difor ein kommentardel som syner utviklinga i desse sektorane over tid.

Publikasjonen inneholder resultatet av statistikkinnhentinga for 2003. Totalt har vi fått utfylte skjema frå om lag 4 700 institusjonar. Desse har rapportert for nærmare 5 400 einingar eller sørvisstader. Folke- og skolebibliotekstatistiken har blitt innhenta via elektronisk skjema sidan 2000. Statistikk frå fag- og forskingsbibliotek og frå museum har blitt samla inn med papirskjema. For dei to sistnemnde sektorane har ABM-utvikling samla inn skjema, mens Statistisk sentralbyrå har handsama data. Dei har også publisert deler av resultatet som Noregs offisielle statistikk på sine heimesider.

Statistikken har nokre veikskapar på grunn av mangefull rapportering. Trass i det har vi eit omfattande statistikkmateriale å legge fram, slik det fremgår av

dei følgjande sidene. Vi håper den publiserte statistikken vil vere til nytte for alle som arbeider i og for arkiv, bibliotek og museum.

ABM-utvikling takkar Statistisk sentralbyrå og fylkesbiblioteka for godt samarbeid. Desse har mellom anna kvalitetssikra og samanstilt materialet. Vidare ønskjer vi å rette ei stor takk til alle som har levert statistikk for 2003. Det tar tid både å registrere samlingar og aktivitet, og å rekne ut resultata slik at dei passar inn i skjema. På denne måten har institusjonane medverka til å synleggjere den aktiviteten som skjer kvar dag i folkebibliotek, skolebibliotek, fag- og forskingsbibliotek og museum.

Jon Birger Østby, DIREKTØR  
Erlend Ra, RÅDGJEVAR  
Karen Marie Ellefsen, SENIORRÅDGJEVAR  
Thor Arne Landsverk, SENIORINGENIØR

# BIBLIOTEKSTATISTIKK

## Folkebibliotek

Med unntak av Tønsberg og Nøtterøy, som har felles bibliotek, har alle kommunane i landet eige hovudbibliotek. Medrekna dei 434 hovudbiblioteka er det til saman 892 faste bibliotekavdelingar. Dei mobile einingane kjem i tillegg. Dette er ein kraftig nedgang i høve til 2002, då det var 951 faste bibliotekavdelingar i Noreg. Noko av nedgangen kan forklara med at utlånsstasjonar som ikkje kvalifiserer til nemninga bibliotekavdeling, har vore registrerte tidlegare år. Hovuddelen av nedgangen er likevel reell, og trenden med nedlegging av filialar er såleis ikkje svekka.

65 prosent av landets kommunar har fagutdanna biblioteksjef, og totalt arbeider det 1087 fagutdanna bibliotekarar i norske folkebibliotek. Av desse er 748 heiltidstilsette. Dei fagutdanna bibliotekarane står for 930 av i alt 1852 årsverk, mens dei resterande årsverka er fordelt på 1617 andre tilsette.

## Opningstid

265 folkebibliotek heldt ope på laurdagar i 2003, av desse var 205 hovudbibliotek. Tre hovudbibliotek og tre filialar heldt ope på søndagar.

Det har vore ein nedgang i opnings-tida ved hovudbiblioteka sidan 2002, frå 25,4 til 25,1 timer i gjennomsnitt. For alle bibliotekavdelingane samla har likevel opningstida auka frå 16,9 til 17,5 timer per veke. Denne auken i gjennomsnitts-tala er i stort mon eit resultat av nedlegging av avdelingar, noko som viser seg i

at det totale talet på timer folkebibliotek-avdelingane var opne, har gått ned med 2,7 prosent.

## Økonomi

Det er problematisk å samanlikne dei totale driftsutgiftene til folkebiblioteka mellom kommunar og frå eit år til eit anna. Grunnen til dette er at det varierar kva for utgifter kommunane tek med i biblioteket sin rekneskap, til dømes når det gjeld husleige, reinhald og vaktmestertenester. Tala som er registrerte viser ein svak auke i utgiftene på 1,3 prosent. I 2003-kroner utgjer dette om lag 14 millionar, noko som svarar til auken i utgiftene til løn. Ein auke i utgiftene til andre medium enn bøker og tidsskrift på 6,2 prosent kan ikkje kompensere for nedgangen i utgiftene til papirbaserte medium. Samla er det ein nedgang på 3,4 prosent i medieutgifter frå 2002 til 2003. I 2003 blei det dermed på landsbasis brukt 29,43 kroner per innbyggjar til medium. Ein skal vere merksam på at dette talet skjuler store skilnader mellom kommunar. Kommune-storleik spelar ei stor rolle. Medieutgiftene per innbyggjar blir naturleg nok høge for dei minste kommunane om dei skal ha ei oppdatert mediesamling, og i gruppa av kommunar på under 1000 innbyggjarar er dei nesten fem gonger høgare enn i gruppa av kommunar med over 100 000 innbyggjarar. Ei fordeling av medieutgiftene på bøker, tidsskrift, avisar og andre medium, som lydbøker, video, musikk, er problematisk då berre

198 bibliotek har levert eigne tal for dette. For biblioteka som rapporterte tal for kjøp av andre medium, var utgiftene på 15 prosent av dei totale medieutgiftene. I tillegg til folkebibliotekas eigne medie-utgifter kjem dei statleg finansierte innkjøpsordningane til Kulturrådet. Kulturfondbøkene utgjer om lag ein fjerdedel av dei samla utgiftene som folkebiblioteka og Kulturrådet bruker på medium.

## Besøk

For første gang sidan 1997 viser besøks-tala ein nedgang i besøk per innbyggjar. Endringane er likevel så små at det er for tidleg å seie om dette er eit reelt brot med trenden dei siste åra. Variasjonane er langt større på fylkesnivå. Her spenner endringane frå 2002 til 2003 frå ei auke på 19,1 prosent i Buskerud til ein nedgang på 13,5 prosent i Oslo. Som tidlegare aukar besøkstala med kommune-storleiken om ein ser bort frå gruppa av kommunar med under 1000 innbyggjarar.

Den nasjonale statistikken seier lite om kva anna brukarane gjer på biblioteket enn å låne bøker og andre medium. Eit viktig tilbod er tilgangen til Internett, og i 2003 var det berre fem kommunar som ikkje gav brukarane tilgang til Internett ved minst ei av folkebibliotek-avdelingane sine.

I tillegg til dei fysiske besøka, er det mange som bruker tenester på biblioteka sine heimesider. Slike virtuelle besøk blir ikkje registrerte i den nasjonale statistikken i dag, og det er viktig å vere

merksam på at besøkstala såleis ikkje viser heile biletet når det gjeld bruken av biblioteka.

#### Utlån

Det var over 800 000 fleire utlån i 2003 enn i 2002, noko som gir ein auke i utlån per innbyggjar på 2,8 prosent. Sjølv om det er variasjonar mellom fylka, er det berre tre fylke som har hatt nedgang i utlånet. Utlånet av audiovisuelle medium held fram med å auke slik det har gjort dei seinare åra, men i 2003 auka også bokutlånet med 1,8 prosent per innbyggjar. Barnebokutlånet auka mest, og utgjorde 41,4 prosent av det totale bokutlånet i 2003. Skjønnlitteraturen aukar mest både når det gjeld vaksen- og barnelitteratur. Utlånet auka med høvesvis 1,5 og 4,8 prosent, mens auken i utlånet av faglitteratur var på høvesvis 0,4 og 3,6 prosent. Utlånet av andre medium enn papirbaserte bøker og tidsskrift auka med 6,6 prosent og utgjer 26 prosent av det totale utlånet. Video/DVD-utlånet står for nesten halvparten av dette.

#### Fylkesbibliotek

Driftsutgiftene til fylkesbiblioteka steig frå 110,1 millionar 2003-kroner i 2002 til 112,1 millionar kroner i 2003, det vil seie ein auke på 1,8 prosent. Lønsutgiftene auka med 0,5 prosent, til 62 millionar kroner. Dette beløpet finansierte 168,4 årsverk, 7,4 færre enn i 2002. Utgiftene til medium held fram med å falle, og gjekk i 2003 ned med 12,4 prosent, til 10,4 millionar kroner.

Utlånet frå fylkesbiblioteka har auka med 2 prosent, og det er det direkte utlånet frå fylkesbiblioteka som i hovudsak er årsak til denne auken, då særleg auken i utlån frå mobile einingar. Utlånet frå fylkesbibliotekas bokbussar og -båtar auka med 4,9 prosent og utgjer no over tre fjerdedeler av det direkte utlånet, og 56 prosent av det totale utlånet frå fylkesbiblioteka. Auken i fjernlånet er svakare, 0,4 prosent, og talet på mottekne fjernlånstingingar held fram med å falle. Nedgangen i fjernlånstingingar var på heile 5,3 prosent frå 2002 til 2003. Ettersom dei fleste tingingane kjem frå eige fylke, er det nedgangen i desse som har størst innverknad, men det er også nedgang i tingingane frå andre fylke og frå utlandet. Tendensen frå dei seinare åra, der folkebiblioteka i stadig større grad tingar materiale direkte frå andre biblioteket, held såleis fram. Ein ser dette tydeleg når ein samstundes med nedgangen i tingingane har ein lågare del av tingingane som blir sendt vidare frå fylkesbiblioteka. Nedgangen i mottekne tingingar dei siste fem åra har vore på

28,5 prosent, men samstundes har nedgangen i vidaresendte tingingar vore på over 80 prosent i det same tidsrommet. At folkebibliotekas innlån har auka med over 10 prosent dei siste fem åra, peiker i same retning.

#### Mobil bibliotekteneste

Ved utgangen av 2003 var det 36 mobile einingar i Noreg. Dette er ein meir enn ved utgangen av 2002, og 2003 er såleis første året sidan 1995, då det var 55 mobile einingar i landet, vi ikkje har ein nedgang i talet på mobile einingar. Årsaka til auken er Troms fylkesbiblioteks bok- og kulturbuss som starta opp i september 2003, etter kjøp av den interkommunale bokbussen som fram til 2002 gjekk i Dyrøy, Gratangen, Lavangen og Salangen. Når det gjeld talet på mobile einingar, skal ein vere merksam på at dette ikkje er det same som talet på fysiske bussar eller båtar. Bokbåten som kører i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, blir telt som tre einingar, fordi både personale og medium blir bytta ut for kvart av fylka. Kristiansand kommune leiger Vest-Agder fylkesbiblioteks bokbuss ein dag i veka og driv sjølv bokbussen denne dagen. Denne bussen blir derfor telt som to einingar

I 2003 var utlånet frå dei mobile einingane i landet på til saman 811 000, ein auke på 6,5 prosent frå året før. Om ein ser utviklinga over dei siste 10 åra, er det ein nedgang i utlånet på 15,8 prosent. I realiteten er nedgangen noko større då ikkje alle einingane leverte statistikk for 1994.

#### Bibliotek i vidaregåande skole

Samanlikna med året før har utgiftene til innkjøp av materiale per elev gått ned med 11 prosent. Trass i dette har tilveksten av bøker auka frå 0,96 til 1,04 per elev. Talet på tidsskrifts- og avisabonnement viser derimot nedgang også for 2003. For heile landet var det 15,42 bøker per elev i skolebiblioteka i Noreg i 2003, og totalt for alle medium var det 19,25 einingar per elev.

Det er ein svak nedgang i utlånet av bøker per elev, 0,4 prosent, men utviklinga er forskjellig for fag- og skjønnlitteratur. Medan utlån av faglitteratur per elev hadde ein nedgang på 5,5 prosent, var det ein auke i utlånet av skjønnlitteratur per elev på 8,6 prosent. Den største prosentvise auken per elev er det dei audiovisuelle media som står for, med heile 36,3 prosent. Dette gjer at det totale utlånet per elev har gått opp med 3,3 prosent

Over 90 prosent av skolebiblioteka hadde internettmaskiner til bruk for

#### Utlån per innbyggjar

##### Ti på topp

Utsira	Rogaland	37,82
Modalen	Hordaland	18,45
Bykle	Aust-Agder	14,37
Bokn	Rogaland	13,10
Sokndal	Rogaland	12,46
Lund	Rogaland	12,45
Tydal	Sør-Trøndelag	12,30
Fyresdal	Telemark	11,84
Nesseby	Finnmark	11,76
Høyanger	Sogn og Fjordane	11,71

##### Ti på botn

Giske	Møre og Romsdal	1,26
Tranøy	Troms	1,31
Hurum	Buskerud	1,32
Verran	Nord-Trøndelag	1,52
Agdenes	Sør-Trøndelag	1,61
Vevelstad	Nordland	1,65
Skodje	Møre og Romsdal	1,69
Balsfjord	Troms	1,79
Namsos	Nord-Trøndelag	1,93
Gratangen	Troms	1,93

#### Medieutgifter per innbyggjar


##### Ti på topp

Modalen	Hordaland	398,10
Utsira	Rogaland	244,26
Bykle	Aust-Agder	209,36
Rømskog	Østfold	176,34
Tydal	Sør-Trøndelag	174,36
Åseral	Vest-Agder	173,84
Nesseby	Finnmark	150,55
Kvitsøy	Rogaland	145,14
Hasvik	Finnmark	116,57
Suldal	Rogaland	115,98


##### Ti på botn

Vågsøy	Sogn og Fjordane	9,24
Tranøy	Troms	9,81
Skedsmo	Akershus	11,97
Eidskog	Hedmark	12,12
Nome	Telemark	12,16
Halden	Østfold	12,47
Aurskog-Høland	Akershus	12,71
Skodje	Møre og Romsdal	13,19
Balsfjord	Troms	13,45
Midtre Gauldal	Sør-Trøndelag	15,07


### Folkebibliotekavdelingar




### Folkebibliotek: Besök per innbyggjar



### Folkebibliotek: Utlån i tusen



### Folkebibliotek: Utlån andre medium enn bøker i tusen



elevane i 2003, og det er berre seks fylke som ikkje gjev tilgang til Internett ved biblioteka i alle dei vidaregåande skolane. Her skal ein vere merksam på at det kan vere tilgang til internettmaskiner andre stader på skolen i dei tilfella ein ikkje har eit slikt tilbod i biblioteket.

Av totalt 630 tilsette ved skolebiblioteka hadde 234 full bibliotekarutdanning og 63 minst ei halvårseining bibliotekfagleg utdanning. Dei fagutdanna bibliotekarane sto for 56 prosent av årsverka som blei utførte i skolebiblioteka, men her er det særstak store variasjonar. På fylkesnivå ser vi at 96 prosent av årsverka i Oslo skolanes bibliotek blei utførte av fagutdanna bibliotekarar, medan talet for Rogaland berre var 6 prosent.

### Bibliotek i grunnskolen

På grunn av variasjonar i innrapporteringa frå skolane kan det være vanskeleg å samanlikne statistikken frå år til år. I 2003 blei det rapportert statistikk for om lag 95 prosent av skolebiblioteka i grunnskolen mot 94 prosent for 2002. I tillegg til variasjonar i datagrunnlaget, kan statistikken som er levert frå skolane vere mangelfull. Ein bør ha dette i tankane når ein nyttar tala. I Tabell 8 er det i år ikkje kolonnar for det totale talet på personaltimar i skolebiblioteka, medan kolonnane for personale som har minimum ei halvårseining bibliotekfagleg utdanning er tekne med. Grunnen er at kvaliteten på data for andre tilsette i år er for låg til at ein kan feste lit til dei. I statistikken for 2002 gjekk det fram at det var store variasjonar i kor stor del av personalet som hadde bibliotekfagleg utdanning i høve til dei totale personalressursane. For heile landet blei ein tredel av arbeidet i skolebiblioteka utført av personar med bibliotekfagleg utdanning. På fylkesnivå varierte delen mellom 9 og 55 prosent. Ein skal derfor vere varsam med å nytte tala i årets statistikk som ein indikasjon på dei totale personalressursane ved skolebiblioteka.

Utlånet per elev ved skolebiblioteka har auka med 9,5 prosent, og auken er størst for skjønnlitteratur. Forskjellen i utvikling for fag- og skjønnlitteratur er likevel ikkje så stor som vi såg i biblioteka i dei vidaregåande skolane. Det er ein auke i utlånet av både typene litteratur på høvesvis 7 og 10 prosent. Som tidlegare år ser vi også at det er store variasjonar mellom fylka.

### Fengselsbibliotek

Lokale folke- og fylkesbibliotek yter bibliotekstenester til innsette i norske fengsel, og tenestene blir finansiert med statlege midlar. Ordninga med

statleg finansiering femner om 13 avdelingar i 12 ulike institusjonar, men det er og fengselsbibliotek som ikkje er finansierte med statlege midlar. I statistikken for 2003 er det tre av fengselsbiblioteka som ikkje har avtale om statleg finansiering.

Utlånet i fengselsbiblioteka var på 139 460, noko som gjev eit utlån på 86,7 per innsett. Dette er ein auke på 0,4 prosent frå 2002. Om ein samanliknar med utlånet ved folkebiblioteka, er utlån per innsett om lag 16 gonger så høgt som folkebibliotekas utlån per innbyggjar. Folkebiblioteka lånar ut høvesvis meir materiale for barn enn for vaksne, og om ein samanliknar fengselsbibliotekas utlån med folkebibliotekas utlån av medium for vaksne per vaksen, er fengselsbiblioteka sitt utlån over 20 gonger så høgt.

### Fag- og forskingsbibliotekstatistikk





Det blei utført over fire millionar lån i dei norske fag- og forskingsbiblioteka i 2003. Av dette var ca. 408 000 fjernlån og nesten 3,6 millionar lokale lån. Bestanden er no på nærmere 19,3 millionar bind, med ein tilvekst i 2003 på nesten 550 000 bind. Dei 336 einingane hadde 1872 tilsette som utførte 1581 årsverk, og dei totale utgiftene steig i fjor til 1,1 milliardar kroner. Av dette utgjer lønskostnadane no 536 millionar, og innkjøp av materiale til samlingane 290 millionar kroner.

Det blei sendt ut statistikkjkjema til 362 bibliotekinngar, av dette har 336 levert, altså ein svarprosent på 92,8. Dessverre er det mange små bibliotek som av forskjellige grunnar ikkje har levert i år, men tala deira ville likevel ikkje gitt særlege utslag på dei innsamla data. Alle biblioteka som har levert statistikk er med i tabellane som finst på ABM-utviklings heimeside. Statistisk sentralbyrå har kvalitetssikra alle innsamla data før dei blir offentliggjort.


### Bestanden av bøker og tidskrifter

Den samla bestanden utgjer per 1.1.2004 19,2 millionar bind og har auka med 22 prosent frå 1994. Tilveksten har variert ein del dei siste åra, i 2003 låg han på ca. 547 000 bind. Totalt har det vore ein tilvekst på 5,5 millionar bind sidan 1994. Ser ein på kassasjonen i den same perioden så har han vore på 2 millionar bind.


Talet på løpende periodikatitlar har variert ein del i perioden 1994 til 2003, men ser ein på tala frå 1994 har veksten berre vore på 0,45 prosent. Variasjoner i valutakursane og budsjett har gjort at ein del bibliotek i periodar har sagt opp mange trykte abonnement. Det er også




### Fag- og forskingsbibliotek: Totalt utlån i tusen




### Fag- og forskingsbibliotek: Tal på bind i tusen



### Fag- og forskingsbibliotek: Løpende periodikatitlar i tusen



### Fag- og forskingsbibliotek: Samla utlån og nedlastingar av elektroniske dokument



ein del som har valt å gå over til berre å ha elektroniske titlar dei siste åra, og det er då naturleg at talet på trykte titlar går ned. Frå statistikken for 2001 har ein prøvd å samle inn data på kor mange elektroniske titlar dei norske fagbiblioteka har tilgang til. Talet har auka kraftig i dei tre åra, summen som ble oppgitt for 2003 er 100 000.

#### Blir samlingane brukte?

Utlånsveksten frå 1994 til 2003 er på 33 prosent. Det totale utlånet dekkjer lokale lån, kopiar som erstatning for lån og fjernlån. Sidan 1994 har tilgangen til elektroniske ressursar auka kraftig og ein kan sjå at utlånet av dei fysiske samlingane har flata ut på landsbasis. Dette ser ut til å halde fram. Dei elektroniske kjeldene vil bli stadig viktigare for brukarane, og ein registrerer at bruken stadig aukar.

Innlånet dei siste fem åra har vist ein klart fallande trend. I 1999 var innlånet på 391 000 mens det hadde gått ned til 300 000 i fjor. Dette er ein nedgang på 23 prosent. I perioden 1999-2003 har Nasjonalbiblioteket hatt ein nedgang på 12 prosent, universitetsbiblioteka har redusert innlånet med 41 prosent og dei offentlege spesialbiblioteka med 5 prosent. Dei statlege høgskolane har redusert innlånet med 8 prosent, mens dei andre høgskolane har auka med 52 prosent.

Fjernlånet har sidan 1999 blitt redusert med 17 prosent på landsbasis. Det er store skilnader mellom dei ulike bibliotektypane. Til dømes har dei statlege høgskolane auka med 57 prosent medan dei andre høgskolane har ein auke på 30 prosent. På den andre sida har vi universiteta som har ein reduksjon på 21 prosent. Dei andre biblioteka har også ein nedgang i den same perioden. Tala for Nasjonalbiblioteket viser ein kraftig nedgang, men det har vore stengt i periodar.

Talet på lokale lån per student/tilsett har på landsbasis halde seg relativt jamt, det har variert mellom 10,8 og 11,5 i perioden 1999 til 2003.

#### Personalet

I perioden 1994-2003 har talet på årsverk i fag- og forskingsbiblioteka auka med 12,3 prosent. Statistikken viser at det har skjedd ei utflating når det gjeld tal på tilsette og årsverk på landsbasis dei siste åra. Den største prosentvise auken har Nasjonalbiblioteket stått for i perioden, men ein må hugse på dei endringane som skjedde i samband med splittinga av Nasjonalbiblioteket og Universitetsbiblioteket i Oslo. Dei

statlege høgskolane har hatt ein auke i både årsverk og talet på tilsette, medan universiteta har hatt ein auke i talet på tilsette medan talet på årsverk har gått ned. Offentlege spesialbibliotek har opplevd den største nedgangen i årsverk og tal på tilsette. I denne perioden har universitetsbiblioteka auka talet på tilsette med nesten 15 prosent, medan talet på årsverk har gått ned med 1,5 prosent. Dei statlege høgskolebiblioteka har auka talet på tilsette og årsverk med nesten 37 prosent i den same perioden.

#### Økonomi





På økonomisida har det rapporterte talmaterialet vore av varierande kvalitet. Det er ein del bibliotek som ikkje får ut data frå moderinstitusjonane sine, medan andre berre får ut litt talmateriale. Dette skaper problem for tolking av data.

Akkvisisjonsutgiftene har auka med 220 prosent frå 1988 til 2003, og ser ein på dei 10 siste åra, så har akkvisisjonsutgiftene, som nesten alle biblioteka har rapportert, gått opp med 71 prosent. Den prosentvise delen av rapporterte utgifter som går til akkvisisjon har blitt redusert frå 35 i 1995 til 26,5 i 2003. Over 60 prosent av biblioteka har rapportert løn og sosiale kostnader i perioden frå 1995. Talmaterialet som er rapportert tyder på at det har vore ein auke i utgiftene på ca. 128 prosent. Den prosentvise delen av utgiftene som går til løn var i 1995 på 51,1, medan han i 2003 var på 49,2. Det er store variasjonar mellom dei forskjellige bibliotektypane. Dei statlege høgskolane brukar 61 prosent og er dei som brukar mest. Til samanlikning brukar universitetsbiblioteka berre 43 prosent av utgiftene til løn.

*Nokre indikatorar på produktivitet*  
Samanliknar ein den prosentvise auken i utlån og auken i talet på årsverk, gir dette ein indikasjon på produktivitetsutviklinga frå 1988 til 2003.

For å finne bruken av samlingane samanliknar ein auken av det totale utlånet med den prosentvise utviklinga av talet på bind og brutto tilvekst. Diagrammet viser tydeleg at samlingane blir utnytta betre enn tidlegare.

Veksten i talet på bind gir seg utslag i ein vekst i utlånet samtidig som tilveksten ikkje aukar i same takt, noko som medfører ein større slitasje på samlingane. Fag- og forskingsbiblioteka greier å auke bruken utan at talet på årsverk stig i same takt, talet på årsverk ser heller ut til å stabilisere seg.



**Tabell 1. Folkebibliotek 2003 – landsstatistikk etter kommunestorleik**

Storleik på verkeområdet	Tal på bibliotek	Tal på avd. <sup>3</sup>	Tal på avd. pr. bibliotek <sup>2</sup>	Innbyggjartal	Personale			Opningstid hovudbibliotek			Opningstid alle avd. <sup>3</sup>		
					Biblioteksjef heiltds-tilsett	Biblioteksjef med fagutd.	Del deltds-tilsette	Timar totalt pr. bibliotek	Timar etter 17 pr. bibliotek	Del laurdagsope	Timar totalt pr. avd.	Timar etter 17 pr. avd.	Del laurdagsope
> 100 000 innb.	5	42	8,4	1 119 059	100 %	80 %	42 %	53,1	10,2	100 %	33,0	4,9	79 %
50-100 000 innb.	8	27	3,4	473 378	100 %	88 %	35 %	48,9	10,0	100 %	28,5	4,8	48 %
30-50 000 innb.	12	39	3,3	456 142	100 %	92 %	38 %	47,1	8,9	100 %	27,6	4,8	41 %
20-30 000 innb.	18	36	2,0	438 782	100 %	100 %	43 %	39,7	5,8	94 %	25,8	4,5	50 %
15-20 000 innb.	18	31	1,7	320 764	100 %	100 %	49 %	39,3	5,6	100 %	28,6	4,4	65 %
10-15 000 innb.	38	95	2,5	484 751	97 %	100 %	62 %	35,2	5,8	76 %	19,9	3,8	36 %
7 500-10 000 innb.	32	72	2,3	282 702	94 %	97 %	59 %	29,5	5,1	75 %	16,6	3,8	36 %
5-7 500 innb.	59	110	1,9	366 377	73 %	86 %	70 %	28,8	4,6	59 %	19,5	3,7	35 %
3-5 000 innb.	84	175	2,1	331 111	60 %	62 %	78 %	22,5	4,3	43 %	13,6	3,2	24 %
2-3 000 innb.	63	125	2,0	156 761	29 %	44 %	84 %	16,1	3,5	21 %	10,7	2,7	12 %
1-2 000 innb.	73	113	1,5	106 051	15 %	32 %	92 %	14,4	3,4	7 %	11,3	3,1	5 %
<1 000 innb.	24	27	1,1	16 374	13 %	13 %	86 %	14,0	3,1	13 %	13,0	2,9	11 %
<b>Noreg</b>	<b>434</b>	<b>892</b>	<b>2,1</b>	<b>4 552 252</b>	<b>58 %</b>	<b>65 %</b>	<b>57 %</b>	<b>25,1</b>	<b>4,6</b>	<b>47 %</b>	<b>17,5</b>	<b>3,6</b>	<b>30 %</b>

<sup>1</sup> Storleiken på verkeområdet svarar til kommunestorleiken, med unntak av Tønsberg og Nøtterøy som driv felles bibliotek. Dette biblioteket tener over 50 000 innbyggjarar, medan Tønsberg og Nøtterøy ligg i kategoriane 30-50 000 og 15-20 000 innbyggjarar. Innbyggjartal og andre data er relaterte til Tønsberg/Nøtterøy bibliotek, og opptrer derfor i kategorien 50-100 000 innbyggjarar.

<sup>2</sup> Med bibliotek meiner vi her eit folkebiblioteksystem med hovudbibliotek og filialar. Med unntak av Tønsberg og Nøtterøy, som driv felles bibliotekteneste, har kvar kommune eige bibliotek

<sup>3</sup> Medrekna hovudbibliotek

<sup>4</sup> Tal på opningstimer pr. avdeling (hovudbiblioteket medrekna) og del av avdelingane som var opne på laurdagar. I tillegg var hovudbiblioteka i Trondheim, Stavanger, Stjørdal, to avdelingar i Oslo og ei avdeling i Stranda opne på søndagar.

Storleik på verkeområdet	Økonomi											
	Løn pr. innb.	Bøker, tids., avisar pr. innb.	AV-medium pr. innb. <sup>1</sup>	Medium 2002 pr. innb. <sup>2</sup>	Medium 2003 pr. innb.	Drift mobile eininger pr. innb.	Data-tjenester pr. innb.	Husleige pr. innb. <sup>3</sup>	Andre utgifter pr. innb.	Løn + medium pr. innb.	Drift totalt 2002 pr. innb. <sup>2</sup>	Drift totalt 2003 pr. innb.
> 100 000 innb.	158,50	19,99	3,29	24,39	23,28	0,16	6,71	43,72	28,00	181,78	255,74	260,37
50-100 000 innb.	157,89	24,18	2,97	28,80	27,15	0,90	7,96	22,77	26,12	185,05	241,83	242,80
30-50 000 innb.	155,15	23,72	3,44	27,46	27,17	0,19	5,04	5,82	22,64	182,32	198,74	216,01
20-30 000 innb.	136,59	23,15	1,79	26,58	24,94	2,95	6,69	26,79	23,53	161,53	223,49	221,50
15-20 000 innb.	120,07	23,41	1,90	27,01	25,31	1,34	6,50	18,80	13,55	145,38	182,72	185,57
10-15 000 innb.	130,45	27,88	1,95	30,57	29,83	1,52	6,67	18,79	16,50	160,28	207,58	203,77
7 500-10 000 innb.	136,69	29,86	1,99	33,98	31,85	2,61	7,23	12,11	18,99	168,54	219,46	209,47
5-7 500 innb.	134,36	30,89	2,37	34,53	33,27	2,64	8,29	22,29	21,44	167,62	221,82	222,28
3-5 000 innb.	142,02	38,16	2,90	41,42	41,06	4,10	9,39	14,95	24,64	183,09	237,37	236,16
2-3 000 innb.	161,88	41,61	2,83	45,47	44,44	7,13	10,48	23,82	28,99	206,32	278,67	276,73
1-2 000 innb.	180,76	49,55	2,79	55,78	52,34	3,89	11,91	18,19	34,74	233,10	312,25	301,83
<1 000 innb.	357,47	101,88	11,97	105,72	113,85	6,28	28,13	55,71	57,78	471,32	585,88	619,22
<b>Noreg</b>	<b>147,15</b>	<b>26,72</b>	<b>2,71</b>	<b>30,65</b>	<b>29,43</b>	<b>1,72</b>	<b>7,33</b>	<b>24,69</b>	<b>23,56</b>	<b>176,58</b>	<b>232,25</b>	<b>233,89</b>

<sup>1</sup> 211 bibliotek har levert data, dei resterande har ført utgifter til AV-medium i kategorien bøker, avisar, tidsskrift

<sup>2</sup> 2003-kroner. For Eidskog er rekneskapstal for 2001 nytta.

<sup>3</sup> 203 bibliotek har levert tal for husleige.

**Tabell 1. Folkebibliotek 2003 – landsstatistikk etter kommunestorleik**

Storlek på verkeområdet	Barnebøker						Bøker for vaksne					
	Tilvekst fag pr. 100 barn <sup>1</sup>	Tilvekst skjønn pr. 100 barn <sup>1</sup>	Tilvekst totalt pr. 100 barn <sup>1</sup>	Bestand fag pr. 100 barn <sup>1</sup>	Bestand skjønn pr. 100 barn <sup>1</sup>	Bestand totalt pr. 100 barn <sup>1</sup>	Tilvekst fag pr. 100 vaksne	Tilvekst skjønn pr. 100 vaksne	Tilvekst totalt pr. 100 vaksne	Bestand fag pr. 100 vaksne	Bestand skjønn pr. 100 vaksne	Bestand totalt pr. 100 vaksne
> 100 000 innb.	5,8	21,7	27,5	116,0	340,9	457,0	5,2	4,5	9,7	134,2	84,5	218,8
50-100 000 innb.	6,7	22,4	29,1	102,4	315,8	418,2	5,3	5,1	10,4	165,9	128,9	294,7
30-50 000 innb.	6,8	18,3	25,1	119,0	339,7	458,7	5,3	5,6	10,9	161,3	135,4	296,8
20-30 000 innb.	5,8	20,0	25,8	137,1	437,1	574,3	6,5	5,7	12,2	201,9	161,8	363,7
15-20 000 innb.	6,3	18,2	24,5	108,0	355,0	463,0	5,7	6,2	12,0	161,6	164,1	325,7
10-15 000 innb.	8,5	30,6	39,1	151,6	501,7	653,3	6,2	9,3	15,5	174,5	197,7	372,2
7 500-10 000 innb.	7,5	26,3	33,8	152,4	578,4	730,9	6,1	9,6	15,7	216,1	271,1	487,2
5-7 500 innb.	8,4	30,5	38,9	171,7	695,9	867,6	6,8	11,9	18,7	241,1	327,5	568,7
3-5 000 innb.	12,2	43,3	55,5	210,8	934,3	1 145,1	7,3	15,5	22,8	230,2	406,1	636,3
2-3 000 innb.	19,0	60,4	79,4	244,0	1 270,8	1 514,8	8,9	24,2	33,1	257,2	581,9	839,1
1-2 000 innb.	20,0	68,5	88,6	323,7	1 700,6	2 024,3	9,5	28,8	38,3	345,0	809,8	1 154,8
<1 000 innb.	58,8	161,9	220,8	613,5	2 909,1	3 522,6	30,7	63,5	94,3	472,6	1 098,8	1 571,4
<b>Noreg</b>	<b>8,1</b>	<b>27,4</b>	<b>35,5</b>	<b>144,8</b>	<b>524,5</b>	<b>669,3</b>	<b>5,9</b>	<b>8,6</b>	<b>14,7</b>	<b>183,9</b>	<b>211,4</b>	<b>395,3</b>

<sup>1</sup> t.o.m. 14 år pr. 01.01.2003

Storlek på verkeområdet	Bøker		Musikk		Lydbøker		Video/DVD		Totalt alle medium	
	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.
> 100 000 innb.	13,0	263,4	0,8	9,4	0,6	5,0	0,7	3,7	16,6	296,9
50-100 000 innb.	14,2	319,9	0,9	8,7	0,8	7,0	0,9	4,8	18,1	350,6
30-50 000 innb.	13,7	329,3	0,8	6,1	0,9	6,5	2,0	5,8	18,3	354,1
20-30 000 innb.	14,9	405,4	0,8	7,0	0,9	8,5	0,9	5,4	18,8	442,0
15-20 000 innb.	14,7	355,3	0,6	5,7	1,0	7,4	0,9	5,6	17,5	379,0
10-15 000 innb.	20,5	432,0	0,8	6,3	1,2	7,6	1,2	6,1	24,0	459,7
7 500-10 000 innb.	19,4	538,2	0,8	9,4	1,1	9,1	1,1	7,6	23,0	573,1
5-7 500 innb.	22,8	629,3	0,8	7,6	1,2	11,0	1,2	8,1	26,6	669,9
3-5 000 innb.	29,4	738,7	1,1	10,1	1,4	11,0	2,0	12,7	34,2	777,5
2-3 000 innb.	42,0	968,8	1,0	9,4	1,6	13,5	2,4	14,4	47,5	1 015,8
1-2 000 innb.	47,9	1 321,3	1,8	12,0	1,8	14,1	2,5	20,8	54,3	1 376,6
<1 000 innb.	118,9	1 952,1	2,9	20,1	4,7	28,4	8,9	56,3	138,1	2 077,4
<b>Noreg</b>	<b>18,9</b>	<b>450,1</b>	<b>0,9</b>	<b>8,2</b>	<b>1,0</b>	<b>7,9</b>	<b>1,2</b>	<b>6,8</b>	<b>22,8</b>	<b>483,8</b>

**Tabell 1. Folkebibliotek 2003 – landsstatistikk etter kommunestorleik**

Storlek på verkeområdet	Utlån barnebøker			Utlån bøker for vaksne			Totalt bokutlån pr. innb.	Musikk	Lydbøker	Video/DVD	Totalt utlån		
	Fag pr. barn <sup>1</sup>	Skjønn pr. barn <sup>1</sup>	Totalt pr. barn <sup>1</sup>	Fag pr. voksen	Skjønn pr. voksen	Totalt pr. voksen		Utlån pr. innb.	Utlån pr. innb.	Utlån pr. innb.	Utlån pr. innb.	Endring fra 2002	Utlån pr. årsverk
> 100 000 innb.	1,61	6,66	8,27	1,63	1,57	3,20	4,15	0,58	0,33	0,61	5,89	4,69 %	13 369
50-100 000 innb.	1,64	6,82	8,46	1,59	1,63	3,22	4,29	0,33	0,41	0,69	5,86	-5,00 %	14 000
30-50 000 innb.	1,54	6,51	8,05	1,51	1,63	3,14	4,13	0,21	0,33	0,85	5,62	1,03 %	14 686
20-30 000 innb.	1,59	7,05	8,64	1,49	1,60	3,10	4,19	0,15	0,39	0,58	5,51	3,08 %	14 644
15-20 000 innb.	1,32	5,98	7,30	1,16	1,35	2,51	3,54	0,12	0,34	0,68	4,78	5,99 %	15 171
10-15 000 innb.	1,52	6,56	8,08	1,16	1,48	2,64	3,80	0,10	0,32	0,63	4,96	1,53 %	14 037
7 500-10 000 innb.	1,29	6,13	7,42	1,18	1,57	2,75	3,73	0,09	0,32	0,74	4,99	2,25 %	13 326
5-7 500 innb.	1,55	7,09	8,64	1,14	1,54	2,69	3,89	0,07	0,28	0,62	4,99	4,17 %	12 984
3-5 000 innb.	1,67	7,42	9,09	1,03	1,76	2,79	4,05	0,08	0,25	0,85	5,35	8,12 %	12 353
2-3 000 innb.	2,00	7,72	9,72	0,90	1,71	2,61	3,97	0,05	0,24	0,84	5,21	4,27 %	10 136
1-2 000 innb.	1,99	7,48	9,47	0,98	1,84	2,82	4,09	0,08	0,23	0,89	5,39	4,60 %	9 869
<1 000 innb.	2,70	13,01	15,71	1,52	2,77	4,29	6,52	0,11	0,36	1,79	8,88	13,63 %	7 322
<b>Noreg</b>	<b>1,58</b>	<b>6,77</b>	<b>8,34</b>	<b>1,37</b>	<b>1,59</b>	<b>2,96</b>	<b>4,03</b>	<b>0,25</b>	<b>0,33</b>	<b>0,69</b>	<b>5,45</b>	<b>2,85 %</b>	<b>13 409</b>

<sup>1</sup> t.o.m. 14 år pr. 01.01.2003

Storlek på verkeområdet	Besøk pr. innb.	Innlån pr. 1 000 innb.	IT						Tilgang til Internett for publikum <sup>2</sup>	
			Katalog tilgjengeleg på Internett <sup>1</sup>	Tal på datamaskiner for personalet (pr. tilsett)		Tal på datamaskiner for publikum (pr. avd)				
				Internett	Eigen katalog	Internett	Eigen katalog			
> 100 000 innb.	6,2	11,4	100 %	0,9	0,9	4,5	5,1	100 %		
50-100 000 innb.	5,9	28,8	100 %	1,1	1,2	4,1	3,3	100 %		
30-50 000 innb.	5,1	46,1	100 %	1,2	1,2	2,6	2,5	100 %		
20-30 000 innb.	5,5	51,4	94 %	1,3	1,4	3,3	3,4	100 %		
15-20 000 innb.	4,6	49,1	89 %	1,2	1,2	2,7	2,7	100 %		
10-15 000 innb.	4,5	82,0	61 %	1,1	1,1	1,8	1,5	100 %		
7 500-10 000 innb.	4,4	87,6	53 %	1,1	1,1	2,0	1,4	100 %		
5-7 500 innb.	3,7	101,4	49 %	1,0	1,0	1,7	1,3	100 %		
3-5 000 innb.	3,7	119,6	43 %	1,0	0,8	1,6	0,9	100 %		
2-3 000 innb.	3,3	168,0	41 %	0,9	0,8	1,6	0,9	98 %		
1-2 000 innb.	3,5	213,7	37 %	1,1	0,9	1,6	0,7	96 %		
<1 000 innb.	6,6	185,0	29 %	1,4	1,2	2,6	1,5	96 %		
<b>Noreg</b>	<b>5,0</b>	<b>61,3</b>	<b>51 %</b>	<b>1,1</b>	<b>1,0</b>	<b>2,1</b>	<b>1,6</b>	<b>99 %</b>		

\* Inkl. Svalbard

<sup>1</sup> Del av biblioteka som har bibliotekkatalogen tilgjengeleg på Internett.

<sup>2</sup> Del av biblioteka der minst ei av avdelingane har pc'er til bruk for publikum med tilgang til Internett.

**Tabell 2. Folkebibliotek 2003 – landsstatistikk etter fylke** (Rekneskap og budsjett i 1 000 kr)

Fylke	Innbyggjartal	Tal på barn t.o.m. 14 år	Tal på hovedbibliotek	Tal på avd. <sup>1</sup>	Fag-utdanna bibl. sjef	Rekneskap 2003						
						Løn	Bøker, aviser, tidsskrift	AV-medium <sup>2</sup>	Medium totalt	Datenester	Husleige <sup>3</sup>	Totalt driftsrekneskap
Østfold	255 122	48 710	18	27	15	39 115	6 449	502	6 951	1 685	4 973	57 074
Akershus	483 283	104 566	22	45	21	73 223	12 234	447	12 681	4 208	17 100	115 812
Oslo	517 401	87 132	1	20	1	84 730	7 955	713	8 668	3 725	14 590	125 862
Hedmark	188 281	34 252	22	43	19	26 784	5 725	266	5 991	1 304	566	38 268
Oppland	183 582	33 920	26	49	21	24 270	5 563	458	6 022	1 726	4 852	42 819
Buskerud	241 371	46 396	21	48	16	33 957	6 016	937	6 954	1 988	2 700	49 117
Vestfold	218 171	42 705	13	19	13	38 519	6 196	519	6 715	1 992	3 343	57 425
Telemark	165 855	31 308	18	38	14	28 079	5 017	283	5 300	1 355	2 257	40 040
Aust-Agder	103 195	20 748	15	25	9	16 166	2 937	293	3 231	922	246	23 272
Vest-Agder	159 219	34 076	15	36	9	23 210	4 420	469	4 890	1 128	6 002	41 311
Rogaland	385 020	86 612	27	55	14	56 868	12 316	1 872	14 187	2 026	8 040	92 636
Hordaland	441 660	92 772	33	78	22	62 450	11 998	2 005	14 003	2 871	8 802	100 681
Sogn og Fjordane	107 274	22 486	26	66	13	16 800	3 837	300	4 137	944	4 320	29 283
Møre og Romsdal	244 309	49 516	38	87	25	30 631	6 787	393	7 180	1 171	4 080	47 947
Sør-Trøndelag	268 188	54 194	25	58	12	30 965	6 696	1 133	7 828	1 472	15 588	60 886
Nord-Trøndelag	127 610	26 490	24	34	12	16 548	3 331	493	3 824	650	4 296	29 443
Nordland	236 950	47 655	45	85	18	31 828	7 305	675	7 980	2 053	2 650	51 858
Troms	152 247	31 135	25	48	16	18 759	3 740	300	4 041	1 210	3 993	31 684
Finnmark	73 514	15 655	19	30	12	16 283	2 958	272	3 230	934	3 610	27 907
Svalbard				1	1	682	176	0	176	22	369	1 385
<b>Noreg</b>	<b>4 552 252</b>	<b>910 328</b>	<b>434</b>	<b>892</b>	<b>283</b>	<b>669 868</b>	<b>121 657</b>	<b>12 332</b>	<b>133 989</b>	<b>33 387</b>	<b>112 376</b>	<b>1 064 708</b>

<sup>1</sup> inkludert hovudbibliotek

<sup>2</sup> 211 bibliotek har levert data, dei resterande har inkludert utgifter til AV-medium i kategorien bøker, aviser, tidsskrifter.

<sup>3</sup> 203 bibliotek har levert tal for husleige.

Fylke	Budsjett 2004						Totalt driftsbudsjett	Medieløyving pr. innbyggjar	Driftsutgifter pr. innbyggjar 2003		
	Løn	Bøker, aviser, tidsskrift	AV-medium <sup>1</sup>	Medium totalt	Datenester	Husleige <sup>2</sup>					
Østfold	34 019	6 177	474	6 651	1 731	5 338	51 962	27,25	-6,2 %	26,07	223,71
Akershus	71 117	12 180	291	12 471	3 689	17 813	112 174	26,24	-10,9 %	25,81	239,64
Oslo	79 791	7 378	720	8 098	3 441	24 801	128 629	16,75	0,9 %	15,65	243,26
Hedmark	26 536	5 450	247	5 698	1 437	520	37 508	31,82	1,5 %	30,26	203,25
Oppland	24 543	5 561	462	6 023	1 677	4 578	42 148	32,80	-2,6 %	32,81	233,24
Buskerud	34 328	6 008	725	6 733	1 831	2 879	48 761	28,81	2,1 %	27,89	203,49
Vestfold	37 199	5 993	227	6 220	1 761	3 394	54 748	30,78	-11,5 %	28,51	263,21
Telemark	26 318	4 440	266	4 706	1 238	2 788	39 039	31,95	-2,2 %	28,37	241,41
Aust-Agder	15 841	2 885	269	3 154	986	248	23 034	31,31	4,3 %	30,56	225,52
Vest-Agder	23 749	4 286	415	4 701	1 150	6 107	41 581	30,71	-2,8 %	29,52	259,46
Rogaland	56 031	12 244	1 531	13 775	2 081	10 506	94 045	36,85	-3,5 %	35,78	240,60
Hordaland	60 444	11 740	1 833	13 573	2 759	8 075	95 125	31,70	-8,5 %	30,73	227,96
Sogn og Fjordane	16 932	3 780	313	4 093	935	4 118	28 728	38,57	-6,8 %	38,16	272,97
Møre og Romsdal	31 869	6 539	333	6 872	1 212	4 618	49 698	29,39	-1,4 %	28,13	196,25
Sør-Trøndelag	31 219	7 507	183	7 690	1 294	16 128	62 189	29,19	4,0 %	28,67	227,03
Nord-Trøndelag	16 429	3 235	421	3 656	694	3 999	28 313	29,97	-8,7 %	28,65	230,72
Nordland	32 451	7 263	745	8 009	2 095	2 573	51 900	33,68	-2,1 %	33,80	218,86
Troms	18 818	3 725	236	3 961	990	4 240	30 898	26,54	-5,8 %	26,02	208,11
Finnmark	16 922	2 854	274	3 128	810	3 638	27 909	43,94	1,1 %	42,54	379,61
Svalbard	681	172	0	172	23	376	1 428				
<b>Noreg</b>	<b>655 234</b>	<b>119 417</b>	<b>9 965</b>	<b>129 383</b>	<b>31 830</b>	<b>126 738</b>	<b>1 049 818</b>	<b>29,43</b>	<b>-4,0 %</b>	<b>28,42</b>	<b>233,89</b>

<sup>1</sup> 198 bibliotek har levert data, dei resterande har AV-medium i kategorien bøker, aviser, tidsskrift.

<sup>2</sup> 192 bibliotek har levert tal for husleige.

<sup>3</sup> 2002-rekneskapen er indeksregulert før samanlikninga. For Eidskog er rekneskapstal for 2001 nyttat.

**Tabell 2. Folkebibliotek 2003 – landsstatistikk etter fylke**

Fylke	Personale					Bøker for barn						
	Personar heiltid	Personar deltid	Totalt i årsverk	Årsverk pr. 1000 innb.	Del pub- likumstid <sup>1</sup>	Tilvekst fag	Tilvekst skjønn	Total tilvekst	Avgang	Bestand fag	Bestand skjønn	Total bestand
Østfold	54	66	89	0,35	42,6 %	3 411	10 341	13 752	6 618	59 276	183 304	242 580
Akershus	136	115	184	0,38	45,3 %	5 854	20 035	25 889	25 366	104 335	326 634	430 969
Oslo	191	122	255	0,49	41,0 %	6 844	25 025	31 869	15 205	115 560	357 326	472 886
Hedmark	41	71	76	0,40	53,5 %	2 898	9 508	12 406	7 791	58 341	210 101	268 442
Oppland	40	67	69	0,38	49,3 %	2 982	11 518	14 500	14 756	68 724	271 430	340 154
Buskerud	61	63	97	0,40	47,2 %	4 005	10 860	14 865	16 541	64 180	227 467	291 647
Vestfold	68	54	97	0,45	36,6 %	2 605	8 930	11 535	16 802	51 492	165 381	216 873
Telemark	52	65	78	0,47	59,7 %	3 200	10 826	14 026	4 884	53 324	194 387	247 711
Aust-Agder	23	40	42	0,41	48,9 %	2 059	6 010	8 069	6 363	33 787	122 676	156 463
Vest-Agder	35	62	64	0,40	44,6 %	3 174	10 237	13 411	5 203	50 362	175 936	226 298
Rogaland	103	111	149	0,39	42,9 %	6 033	21 497	27 530	20 636	110 897	401 710	512 607
Hordaland	102	145	169	0,38	65,6 %	7 569	27 828	35 397	18 752	143 098	453 138	596 236
Sogn og Fjordane	18	82	51	0,47	52,6 %	3 365	12 524	15 889	6 628	51 621	224 270	275 891
Møre og Romsdal	40	115	85	0,35	54,0 %	4 404	13 415	17 819	11 729	76 591	346 406	422 997
Sør-Trøndelag	52	74	87	0,32	54,6 %	3 533	13 216	16 749	8 554	64 174	245 545	309 719
Nord-Trøndelag	19	65	49	0,38	55,9 %	2 558	8 222	10 780	5 276	41 201	170 505	211 706
Nordland	59	116	97	0,41	47,9 %	4 788	16 183	20 971	20 957	76 199	335 828	412 027
Troms	41	54	59	0,39	50,6 %	2 143	7 992	10 135	6 977	52 535	202 339	254 874
Finnmark	38	42	54	0,74	40,4 %	1 887	5 044	6 931	3 942	41 047	156 051	197 098
Svalbard	1	1	2		66,7 %	172	387	559	50	1 154	4 171	5 325
<b>Noreg</b>	<b>1 174</b>	<b>1 530</b>	<b>1 852</b>	<b>0,41</b>	<b>48,5 %</b>	<b>73 484</b>	<b>249 598</b>	<b>323 082</b>	<b>223 030</b>	<b>1 317 898</b>	<b>4 774 605</b>	<b>6 092 503</b>

<sup>1</sup> Del av dei samla personalressursane ved folkebiblioteka i fylket/landet, som blir brukte til å tene publikum.

Fylke	Bøker for vaksne						Totalt bøker			
	Tilvekst fag	Tilvekst skjønn	Tilvekst totalt	Avgang	Bestand fag	Bestand skjønn	Total bestand	Tilvekst	Avgang	Bestand
Østfold	12 154	12 658	24 812	17 211	374 329	310 527	684 856	38 564	23 829	927 436
Akershus	19 645	21 554	41 199	46 691	493 071	497 184	990 255	67 088	72 057	1 421 224
Oslo	19 013	18 349	37 362	37 833	537 023	334 865	871 888	69 231	53 038	1 344 774
Hedmark	12 007	13 047	25 054	21 465	355 697	407 924	763 621	37 460	29 256	1 032 063
Oppland	10 648	18 167	28 815	32 180	346 690	441 794	788 484	43 315	46 936	1 128 638
Buskerud	10 217	13 587	23 804	46 686	299 106	359 586	658 692	38 669	63 227	950 339
Vestfold	10 224	9 667	19 891	37 927	297 673	239 239	536 912	31 426	54 729	753 785
Telemark	7 801	13 102	20 903	19 968	322 069	383 665	705 734	34 929	24 852	953 445
Aust-Agder	4 801	8 227	13 028	19 679	196 592	225 421	422 013	21 097	26 042	578 476
Vest-Agder	8 301	10 898	19 199	14 778	242 770	290 195	532 965	32 610	19 981	759 263
Rogaland	23 904	24 764	48 668	52 289	586 017	551 010	1 137 027	76 198	72 925	1 649 634
Hordaland	23 092	31 837	54 929	50 926	534 907	599 647	1 134 554	90 326	69 678	1 730 790
Sogn og Fjordane	7 022	17 290	24 312	15 989	241 060	467 180	708 240	40 201	22 617	984 131
Møre og Romsdal	9 808	21 521	31 329	35 321	389 170	627 109	1 016 279	49 148	47 050	1 439 276
Sør-Trøndelag	9 236	19 001	28 237	25 231	295 649	409 647	705 296	44 986	33 785	1 015 015
Nord-Trøndelag	8 346	14 249	22 595	24 788	203 018	290 598	493 616	33 375	30 064	705 322
Nordland	15 148	24 529	39 677	56 329	494 278	662 126	1 156 404	60 648	77 286	1 568 431
Troms	6 733	10 705	17 438	21 963	268 772	321 839	590 611	27 573	28 940	845 485
Finnmark	4 970	8 591	13 561	9 093	214 650	271 742	486 392	20 492	13 035	683 490
Svalbard	691	634	1 325	256	4 881	7 182	12 063	1 884	306	17 388
<b>Noreg</b>	<b>223 761</b>	<b>312 377</b>	<b>536 138</b>	<b>586 603</b>	<b>6 697 422</b>	<b>7 698 480</b>	<b>14 395 902</b>	<b>859 220</b>	<b>809 633</b>	<b>20 488 405</b>

**Tabell 2. Folkebibliotek 2003 – landsstatistikk etter fylke**

Fylke	Abonnement					Bestand andre medium				
	Tidsskrift	Aviser	Samla tilvekst	Samla avgang	Samla bestand	Musikk	Lydbøker	Video/DVD	CD-ROM	Anna <sup>1</sup>
Østfold	1 637	282	71	73	1 919	19 112	18 068	12 646	1 175	20 182
Akershus	3 043	395	78	142	3 438	33 987	42 555	25 292	1 260	37 065
Oslo	1 330	254	24	253	1 584	24 766	18 694	12 938	1 151	62 267
Hedmark	1 806	230	53	98	2 036	17 566	14 222	10 619	441	37 168
Oppland	2 666	202	92	367	2 868	9 803	20 151	14 807	862	7 861
Buskerud	1 848	245	61	92	2 093	18 941	16 532	14 771	661	25 241
Vestfold	1 494	219	31	197	1 713	13 662	17 788	17 491	1 308	18 852
Telemark	1 375	205	75	89	1 580	13 828	10 500	12 413	509	15 029
Aust-Agder	969	133	35	73	1 102	6 916	8 889	10 537	441	8 391
Vest-Agder	1 265	153	55	67	1 418	13 898	11 774	11 983	475	13 770
Rogaland	4 023	353	379	369	4 376	43 704	39 489	34 186	2 093	49 602
Hordaland	2 491	500	178	284	2 991	51 775	28 760	24 821	2 630	62 452
Sogn og Fjordane	1 564	193	69	105	1 757	14 820	10 881	14 300	622	4 919
Møre og Romsdal	1 992	292	121	214	2 284	12 096	17 501	14 206	524	6 216
Sør-Trøndelag	1 590	282	51	137	1 872	20 470	22 590	19 190	1 152	13 746
Nord-Trøndelag	1 285	182	41	66	1 467	9 265	16 085	14 048	1 435	9 104
Nordland	2 748	386	81	218	3 134	20 073	21 232	21 064	999	8 668
Troms	1 597	162	118	67	1 759	13 097	13 717	9 188	825	11 088
Finnmark	1 112	217	50	96	1 329	14 055	10 112	14 240	792	20 866
Svalbard	26	5	2	3	31	3	229	482	1	
<b>Noreg</b>	<b>35 861</b>	<b>4 890</b>	<b>1 665</b>	<b>3 010</b>	<b>40 751</b>	<b>371 837</b>	<b>359 769</b>	<b>309 222</b>	<b>19 356</b>	<b>432 487</b>

<sup>1</sup> Notar, fotografi, mikroformer, multimediesett, grafikk, dias-seriar osb.

Fylke	Andre medium			Totalt alle medium				Utlån bøker for barn			
	Samla tilvekst	Samla avgang	Samla bestand	Tilvekst	Tilvekst pr. 1000 innb.	Avgang	Bestand	Fag	Skjønn	Totalt	Pr. barn
Østfold	15 775	2 804	71 183	54 410	213,3	26 706	1 000 538	72 198	294 035	366 233	7,5
Akershus	17 473	6 176	140 159	84 639	175,1	78 375	1 564 821	150 269	708 300	858 569	8,2
Oslo	18 281	7 477	119 816	87 536	169,2	60 768	1 466 174	124 123	507 535	631 658	7,2
Hedmark	6 633	2 213	80 016	44 146	234,5	31 567	1 114 115	60 381	259 096	319 477	9,3
Oppland	6 477	1 559	53 484	49 884	271,7	48 862	1 184 990	54 034	258 225	312 259	9,2
Buskerud	7 071	5 541	76 146	45 801	189,8	68 860	1 028 578	75 783	310 279	386 062	8,3
Vestfold	7 425	3 891	69 101	38 882	178,2	58 817	824 599	83 241	340 973	424 214	9,9
Telemark	6 575	4 026	52 279	41 579	250,7	28 967	1 007 304	59 819	229 239	289 058	9,2
Aust-Agder	6 073	2 078	35 174	27 205	263,6	28 193	614 752	35 328	140 666	175 994	8,5
Vest-Agder	4 656	1 746	51 900	37 321	234,4	21 794	812 581	58 843	271 206	330 049	9,7
Rogaland	22 501	3 872	169 074	99 078	257,3	77 166	1 823 084	128 528	708 522	837 050	9,7
Hordaland	17 968	3 874	170 438	108 472	245,6	73 836	1 904 219	156 726	575 937	732 663	7,9
Sogn og Fjordane	3 938	2 431	45 542	44 208	412,1	25 153	1 031 430	34 779	152 556	187 335	8,3
Møre og Romsdal	7 143	1 645	50 543	56 412	230,9	48 909	1 492 103	60 851	304 418	365 269	7,4
Sør-Trøndelag	9 255	1 897	77 148	54 292	202,4	35 819	1 094 035	106 881	367 857	474 738	8,8
Nord-Trøndelag	5 381	1 649	49 937	38 797	304,0	31 779	756 726	38 817	173 158	211 975	8,0
Nordland	9 158	2 517	72 036	69 887	294,9	80 021	1 643 601	60 398	266 196	326 594	6,9
Troms	3 622	881	47 915	31 313	205,7	29 888	895 159	48 543	210 762	259 305	8,3
Finnmark	3 677	1 386	60 065	24 219	329,4	14 517	744 884	25 075	79 055	104 130	6,7
Svalbard	119	20	715	2 005		329	18 134	454	2 404	2 858	
<b>Noreg</b>	<b>179 201</b>	<b>57 683</b>	<b>1 492 671</b>	<b>1 040 086</b>	<b>228,5</b>	<b>870 326</b>	<b>22 021 827</b>	<b>1 435 071</b>	<b>6 160 419</b>	<b>7 595 490</b>	<b>8,3</b>

**Tabell 2. Folkebibliotek 2003 – landsstatistikk etter fylke**

Fylke	Utlån bøker for vaksne				Totalt utlån bøker	Utlån andre medium					
	Fag	Skjønn	Totalt	Pr. voksen		Musikk	Lydbøker	Video/DVD	CD-ROM	Anna <sup>1</sup>	Totalt
Østfold	270 024	352 370	622 394	3,02	988 627	54 842	76 297	169 126	8 725	24 782	333 772
Akershus	479 480	581 786	1 061 266	2,80	1 919 835	130 023	209 992	297 865	8 915	50 357	697 152
Oslo	534 300	574 949	1 109 249	2,58	1 740 907	174 863	121 139	144 773	6 931	80 499	528 205
Hedmark	219 156	239 063	458 219	2,97	777 696	28 699	57 315	90 841	1 715	25 331	203 901
Oppland	189 525	241 924	431 449	2,88	743 708	15 906	64 872	118 971	6 625	18 340	224 714
Buskerud	246 676	311 072	557 748	2,86	943 810	33 332	80 754	150 051	3 807	23 003	290 947
Vestfold	362 207	351 569	713 776	4,07	1 137 990	49 888	95 037	224 515	7 732	27 972	405 144
Telemark	194 659	219 686	414 345	3,08	703 403	24 470	43 018	97 575	3 040	6 233	174 336
Aust-Agder	118 311	145 132	263 443	3,20	439 437	18 742	32 413	88 031	3 300	8 034	150 520
Vest-Agder	173 516	224 428	397 944	3,18	727 993	20 286	53 481	133 171	2 881	20 832	230 651
Rogaland	483 785	557 342	1 041 127	3,49	1 878 177	157 506	151 576	401 626	17 183	94 287	822 178
Hordaland	541 441	542 772	1 084 213	3,11	1 816 876	256 624	142 228	399 394	20 052	60 050	878 348
Sogn og Fjordane	89 773	142 000	231 773	2,73	419 108	13 748	24 211	99 195	2 443	15 317	154 914
Møre og Romsdal	200 318	285 246	485 564	2,49	850 833	13 561	54 129	136 031	3 662	11 762	219 145
Sør-Trøndelag	314 354	354 265	668 619	3,12	1 143 357	90 176	119 161	213 726	11 558	32 142	466 763
Nord-Trøndelag	117 789	166 906	284 695	2,82	496 670	18 210	43 829	95 123	7 310	6 263	170 735
Nordland	206 175	268 521	474 696	2,51	801 290	16 132	62 009	144 528	5 184	14 159	242 012
Troms	145 539	133 531	279 070	2,30	538 375	19 255	42 512	61 543	6 327	12 886	142 523
Finnmark	88 481	93 033	181 514	3,14	285 644	13 873	20 238	83 455	3 435	5 888	126 889
Svalbard	2 476	2 872	5 348		8 206	5	314	2 263			2 582
<b>Noreg</b>	<b>4 977 985</b>	<b>5 788 467</b>	<b>10 766 452</b>	<b>2,96</b>	<b>18 361 942</b>	<b>1 150 141</b>	<b>1 494 525</b>	<b>3 151 803</b>	<b>130 825</b>	<b>538 137</b>	<b>6 465 431</b>

<sup>1</sup> Einning som blir lånt ut sjølvstendig, tel som eit utlån.

**Tabell 2. Folkebibliotek 2003 – landsstatistikk etter fylke**

Fylke	Utlån alle medium				Besøk			Fjernlån	
	Totalt tal på utlån	Utlån pr. innb.	Endring frå 2002 pr. innb.	Utlån pr. årsverk	Tal på besøk	Besøk pr. innb.	Endring frå 2002 pr. innb.	Tal på innlån	Innlån pr. 1000 innb.
